



TK Rør AS
Brurastien 54
5265 YTRE ARNA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/52 - 17/9121

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
05.05.2017

Godkjenning - utslepp frå ein fritidsbustad gbnr 36/61 i Riplevikvegen

Administrativt vedtak. Saknr: 121/2017

Saksutgreiing:

Det er i søknad, journalført 11.04.2017, søkt om utslepp frå ein fritidsbustad i Riplevikvegen, gbnr 36/61. Utsleppet skal gå via ein 2m³ slamavskiljar og derfrå i tett leidning til tidlegare etablert privat avlaupsleidning som går ut i sjø (Radfjorden). Det ligg føre naudsynte erklæringar frå eigarane av den private avlaupsleidningen som gjev eigedomen gbnr 36/61 rett til dette.

Det ligg også føre erklæring frå eigar av gbnr 36/3 som gjev eigedomen gbnr 36/61 rett til å leggja leidningar over privat grunn.

Det skal installerast vassklosett.

Vurdering:

Plan:

Eigedomen ligg i eit område som i kommuneplanen sin arealdel for Meland er vist som noværande område for hytter som i vesentlig grad er utbygd utan reguleringsplan. Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Nabovarsel:

Omkringliggjande eigedomar er nabovarsla i samband med at eigedomen har søkt om eit tilbygg, og det ligg føre erklæring frå næraste nabo, eigar av eigedomen gbnr 36/3, som gjev gbnr 36/61 rett til å leggja ledingar på privat grunn. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare nabovarsling i saka.

Ansvarsrettar i saka gjeld i samsvar med innsendt erklæring.

Utsleppsløysinga det er søkt om er i samsvar med gjeldande krav i området. Meland kommune kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt på vanlege vilkår for slike utslepp og i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Eigar av utsleppet er til ei kvar tid ansvarleg for eventuell forureining, jf § 7 i forureiningslova.

Eigedomen vert no tilknytt kommunal slamtømmeordning med slamtømming kvart 4. år.

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5 utsleppsløyve frå ein fritidsbustad på gbnr 36/61, i samsvar med søknad journalført 11.04.2017 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via slamavskiljar på 2m³ av godkjend type.
2. Frå slamavskiljaren skal avlaupsvatn førast i tett leidning og knytast til tidlegare etablert privat avlaupsleidning som går til sjø.
3. Slamavskiljar skal plasserast slik at den kan tømmast frå slamsugebil i samsvar med vedtekter om slamtømming.
4. Eigedomen skal betale slamgebyr til kommunen i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf pbl § 23-3.»

Gebyr for sakshandsaming vert sendt til tiltakshavar.

Bortfall av løyve:

Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablera utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Vidar Rønhovde

Johan Rongveds 5265
Veg 1

YTRE ARNA

Mottakere:

TK Rør AS

Brurastien 54 5265

YTRE ARNA